



IL BRODD



Årsmelding 2014

Medlem av:

Sogn og Fjordane Fotballkrins, Sogn og Fjordane Friidrettskrins, Sogn og Fjordane Handballkrins og Norges Vektløftarforbund.

TILLITSVALDE I BRODD 2014:

Leiar: Bjarne Rygg

Nestleiar: Egil Ravnestad

Kasserar: Hilde Mellingen

Sekretær: Liv Rand Teige

Styremedlemer: Alle gruppeleiarane

Vara1: Rune Gimmestad

Vara2: Jon Pedersen

Friidrettsgruppa:

Daniel Dyrnes- **leiar**

Inger Haldis Aske Lothe

Jørund Årdal

Nina Engelbretson

Esmee Mekke Hoogstraaten

SFT-gruppa:

Terje Arnestad – **leiar**

Kurt Gimmestad

Tom Wilke

Jan Wiggo Rygg

Lars Endre Gimmestad

Trimgruppa:

Arvid Lothe – **leiar**

Eva Holme

Magnar Rauset

Grethe Jakobsen

Mariann Rauset

Plassnemnda:

Petter Olav Rygg– **leiar**

Ole Jens Grov – Ny 2014

Christen Henning Arnestad

Morten Rygg – Ny 2014

Eelco Schrama

Vektløfting:

Jørund Årdal - **Leiar**

Magne Devik – Ny 2014

Jon Atle Ravnestad – Ny 2014

Valnemnd:

Jeffery Thomas - **Leiar**

Ronny Husevåg

Ingunn Berg

Revisorar:

Svein Ravnestad & Magne Devik.

Vara: Jan Wiggo Rygg

Valgt av Årsmøte i Runnevang,
16. mars 2014.

Årsmøte i IL Brodd

vert halde i
Småsalen i Runnevang

Torsdag 12.mars 2015

Kl.19.00

(Kunngjort i Firda Tidend 30.01.2015)

Saksliste:

1. Godkjenning av saksliste og innkalling.
2. Val av ordstyrar, sekretær og to til å skrive under møteboka.
3. Årsmelding for 2014
4. Våre faste og betalte dugnadar – Halde fram som før?
5. Sats for leige av Runnevang
6. Loggane – Oppstart prosjekt for vidareutvikling av kastanlegget
7. SFT-basar i 2015?
8. Rekneskap for 2014
9. Budsjett for 2015
10. Val

(Årsmeldinga er lagt ut på Sjedu.no og vert utlagt i nokre eksemplar i Runnevang)

ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2014

Hovudstyret:

Bjarne Rygg	Leiar	(2013)
Egil Ravnestad	Nestleiar	(2013)
Hilde Mellingen	Kasserar	(2013)
Liv Randi Teige	Sekretær	(2013)
Gruppeleiarane	Styremedlem	(Ny vri 2012)

1 vara:	Rune Gimmestad
2.vara:	Jon Arne Pedersen

Aktivitet i styret:

Styret i Brodd har hatt 4 møter i løpet av året.

I tillegg har styret og gruppeleiarane hatt jamnleg kontakt gjennom bruk av epost. Som alternativ til å halde møte, har epost vore nytta til å ta opp, og avgjere sakjer på ein god og effektiv måte. Det meste av informasjon vert vidaresendt på epost, samt organisering av aktivitetar og andre arbeidsoppgåver.

Fordeling av viktige verv og oppgåver i styret:

Daniel Dyrnes har vore Brodd sin representant i styret for A/L Runnevang.

Egil Ravnestad står som Brodd sin ansvarlege for politiattest.

Bjarne Rygg ville møtt i Gloppen Idrettsråd, men det har dessverre ikkje vore helde møte der i 2014.

Jørund Årdal deltok i ymse møter og saker med GFIL

Hovudfokus i 2014:


Styret har som vanleg i 2014 hatt fokus på å halde våre etablerte idrett- og trimtilbod levande og attraktive. Vi har ein Fjelltrim som stadig veks og som må seiast å vere høgst populær i bygda. Georeg-systemet er iverksatt og nye brukarar melder seg. Vår fotballgruppe har hatt ein imponerande stor aktivitet med dei yngste gruppene. Vi har hevda oss i stafett og på friidrettsbana, og ikkje minst på vektløftararenaen! Breidde og spissing så godt som vi kan få til i ei lita bygd. Dette er takka vere engasjerte leiarar, trenarar og foreldre. Vi i styret bidreg med å legge til rette og sikre ressursar og midlar er på plass.

Vi vil i tillegg her spesielt trekke fram idrett ungdom der Jørund Årdal gjer ein framifrå jobb med våre talent i friidrett kast og vektløfting. Det vert lagt ned eit imponerande treningsarbeid og det har i 2013 resultert i mange gode plasseringar i meisterskap som KM, NM / UM og Nordisk. Trenar og utøvarane har i mange år vore gode ambassadørar for Brodd, og 2014 er ikkje noko unntak. Tvert imot! Styret i Brodd er svært tilfredse og vil bidra til å legge til rette for at vidare satsing på idrett ungdom kan halde fram i dei komande år.

Prosjekt ny Brodd-buff 2014:

I 2014 anskaffa vi oss ein ny Brodd-buff. Dette er eit lite hals/hovud plagg som er prega av fargane raud, kvit og svart, og med Brodd-logoen innprenta. Eit matchande plagg til både gensar og drakt.

I løpet av 2014 selde vi 70-80 stk på juleverkstaden og dagane før Jul. Vi har også delt ut ein heil del som premiar på Broddmarknaden. Vi kjøpte ein pakke på 300 stk, så her er framleis rikeleg igjen...



Sponsorinntekter:

- Disse har bidrege med sponsormidlar til Brodd i ulike samanhengar i 2014: Accountor, Frydenbø, Brødrene Aa, Best, Trebo-Hus, Nordfjord Laks
-

Økonomi:

I 2014 har vi hatt stor aktivitet og med det eit godt driftsår. Økonomien i laget er vorte litt styrka og framstår som sunn og god. Hovudinntektene våre har vi framleis gjennom Broddmarknaden, dugnad, medlemspengar, treningsavgift og tilskot frå NIF og kommunen. Også i 2014 har Brodd delteke med ein stor tropp på dugnad i samband med SandaneDagane i august. I mai og i november stilte vi opp en bra gjeng på varetelling på Rimi. Brodd får gode tilbakemeldingar på arbeidet vi gjer, og det er kjekt! Styret vil takke alle, som på ulike måtar har delteke i dugnadsoppgåvene, for innsatsen!

Gjennom året har styre arbeidt med følgjande oppgåver / saker:

- Førebudd og gjennomført årsmøte.
- Organisert dugnad i samband med Sandane dagane og varetelling på RIMI.
- Organisert og koordinert treningane i Runnevang for inne-sesongen, i tett samarbeid med gruppene og nokre engasjerte foreldre.
- Anskaffa og selt / delt ut mange nye Brodd-buffar
- Innkrevjing av medlemspengar og treningsavgift.
- Nytt Sjedu.no og facebook-sida til Sjedu til å få ut informasjon, bilder og nyheitsstoff. Bruk av desse mediene vil vi framleis ha fokus på å utvikle, i samarbeid med øvrige lag og organisasjonar på Sørstranda.
- Styre har i samarbeid med gruppeleiarane gitt ut eit vår - og haustnummer av Broddnytt, både som papirutgåve og på Sjedu.no.
- Arrangert Broddmarknad der vi fekk inn ca. **50 000,-** kr. netto.
- Delteke med sals-stand på Juleverkstaden

Medlemstal 2013:

Jenter (0-19)	Kvinner	Sum
48	76	122
Gutar (0-19)	Menn	Sum
51	67	118
Totalt:		241

Dette er om lag det same som føregåande år. For å halde på dette tal medlemar så er det veldig viktig å ha eit attraktivt tilbod på Fjelltrimmen/trimgruppa og legge til rette med aktivitet for barn og ungdom haus, vinter og vår. Vi må framleis jobbe med å oppfordre til medlemskap.

Medlemspengar/Treningsavgift :

Satsane for medlemspengar og treningsavgift har ikkje vore endra sidan årsmøte for 2007. Gjeldande satsar er:

	Medlemspengar	Treningsavgift
Familie	500.-	600.-
Vaksne	250.-	400.-
Barn	100.-	200.-

Årsmelding frå trim- og idrettsmerkegruppa 2013

Trim- og idrettsmerke gruppa har hatt følgjande samansetning i 2013

Arvid Johan Lothe - leiar

Grete Rishom Jakobsen, Magnar Rauset, Mariann Rauset og Eva Fitje Holme

Gruppa har hatt fleire møter, telefonar og samtaler gjennom året.

Idrettsmerke

Det var 6 personar som tok idrettsmerke i år. 2 kvinner har kvalifisert seg til merke.

Fjelltrimmen

Fjelltrimmen hadde 9522 besøkande fordelt på desse:

Arnestadnakken	547	Breidalen	475
Svarthammaren	262	Traudalsnibba	597
Traudalsråsa	4741	Ravnestadstøylen	2347
Berdalsegga	685	Rausetstøylen	2091
Høgehaugen	492	Eikenesstøylen	1202
Eikeneshesten	187	Totalt	13653

Dette er ny beste notering for besøkande på postane, og er ein auke på heile 4131 i forhold til toppåret 2013.

- 182 personar hadde meir enn 50 poeng
- 84 fekk krus
- 27 gjekk Hardhausen
- 17 gjekk Juniorhardhaus
- 13 fullførde Miniharhaus



GEOREG Registreringssystem for fjellturer

Brodd har teke initiativ til å få opp eit system for registrering av trimpoeng. Bakgrunn for dette er den store arbeidsmengda som det er for gjengen som skal summere og systematisere alle bøkene. Georeg er eit system som ein v.hj.av mobiltelefon kan registrere seg på dei aktuelle postane ved å sende ein SMS. Ein må på førahand installere ein app som brukast som verktøy ved sending. Det må være ein smarttelefon med GPS. I fyrste omgang er dette eit system som kan nyttast ev dei som ynskjer det. Ein kan framleis notere seg i bøkene, men vi håpar at flest mogleg kan gå inn på denne nye ordninga slik at vi får ned arbeidsmengda og sikrare summering. Etter ein prøveperiode i 2014, er systemet aktivt i bruk frå 01.01.2015.

Til slutt vil eg takke medlemmane i gruppa for godt utført arbeid i 2013.

Helsing Trim/Idrettsmerke gruppa v/Arvid Lothe.

Årsmelding frå friidrettsgruppa for 2014

Friidrettsgruppa har i år hatt denne samansetjinga:

-Leiar: Daniel Dyrnes

-Styremedlemmar: Esme Mekke, Inger Haldis Aske Lothe, Nina Engelbrektson og Jørund Årdal.

Sørstranda Rundt

Berre 32 deltok på årets utgåve av Sørstranda Rundt (mot 77 i fjor). 23 i konkurranse og 9 mosjonistar. Best i konkurransen 7,7 km vart Andreas Rauset med tida 27,35. I konkurranse 3,3 km må vi framheve dei 3 unge og lovande Koopmans. Erik, Jasmijn og Jelle vann alle si klasse.

Lagsmeisterskap

Brodd har arrangert Lagsmeisterskap to gongar. Ein gong i mars med øvingane høgde og lengde i Runnevang. I september hadde vi Lagsmeisterskap på Loggane med øvingane lengde med tilløp, liten ball og 60m. Alle som deltok fekk utdelt diplom og premie på Broddmarknaden.

Loggane Open har vorte arrangert kvar 14. dag frå april til oktober. Her har det delteke mange talentfulle utøvarar frå heile landet, men kanskje mest frå klubbar på vestlandet. Og Loggane har no fått sin første norske rekord på junior/seniornivå. Den 3. august i år sette Svein Martin Skagestad(19) frå Loddefjord norsk juniorrekord i kule med resultatet 18,84

Stafettar

Vi greidde å stille gutelag til både Breimsstafetten og Oldenstafetten i år. Og der gjorde vi ein god innsats. I Olden fekk vi 5.plass og på Breimsstafetten fekk vi pokal for ein fin 4. plass. I begge stafettane var vi tett oppunder teten og kjempa.

Gloppenmeisterskapet

vart arrangert torsdag 15. Mai på Byrkjelo. Her var det dårleg deltaking frå Brodd si side.Vi hadde 4 aktive utøvarar med.

Sparebankleikane

Sparebankleikane gjekk av stabelen 4.-6.juli. Her stilte Brodd sterkt med 12 gode utøvarar.

Stemner

Kastarane har vore med på stemner rundt om i landet og har vist til særse gode resultat. Eit høgdepunkt var UM i Haugesund.

UM FRIIDRETT I HAUGESUND – 3 Medaljar til Brodd!!!

Under UM i Haugesund 5.-7. september stilte Brodd med 3 deltakarar, det vart medalje på alle:

Johan Lothe(15) tok bronse med 38,90m i diskos. **Hans Sande(18/19)** tok bronse i diskos med 43,20m. **Evald Osnes Devik(18/19)** tok sølv i slegge med 59,51 m.

3 medaljar til 3 utøvarar. Flott innsats av Brodd! Vi gratulerer dei alle 3 og ikkje minst støtteapparatet!

Treningar

I sommarhalvåret har dei yngste 6-12 år, hatt treningar på Loggane ein dag i veka.

Daniel Dyrnes har vore trenarar, i tillegg til nokre foreldre.

Treninga for ungdoms-kastarane, har Jørund stått for.

Frå og med haustferien, har allidrett og handball for barn, og basistreningane i Runnevang gått sin gang.

Årsmelding frå vektløftargruppa 2014

Brodd og Breimsbygda med velykka NM–arrangement i Trivselshagen

Det vart NM-medalje til Broddaren Håkon Hjelle Roset i 50 kg klassa. Han klarte 53 kg i rykk og 55 kg i støt. Med dette vart det ny pers og ein fin-fin sølvmedalje. Vi gratulerar!

Ellers deltok Andreas Kornberg og Arne Osnes Devik. Dei fekk gode resultat, men det heldt dessverre ikkje til medaljar denne gongen.

Nær 40 utøvarar var med på dette fyrste ungdoms-NM i vektløfting i storstova. Det var eit flott arrangement som utøvarar og arrangørar var nøgde med.

Evald tilbake i Brodd – Brodd med jr-lag! Evald Osnes Devik(18) deltok på Tambarskjelvar sitt gull-lag i junior, i 2014 er han tilbake i Brodd, der vi no satsar på å hevde oss i juniorklassa(18-20 år). Her er konkurransen hard, så dette blir spennande.

(Frå BN-april)

Brodd Vektløfting kan vise til ei imponerende utvikling frå oppstarten for berre nokre få år sidan. Utøvarane har henta heim edelt metall både individuelt og for lag i nasjonale og nordiske stemner. No har tyngda i utøvargruppa vokse og blitt eit år eldre, og dermed har eit lag flytta seg opp i juniorklassa. Her blir nok konkurransen enno tøffare, men vi er veldig spent på kva vi kan få til med Evald, Hans og Peter i denne klassa. Evald er tilbake i Brodd-drakta etter eit lite låne-opphald i Tamerskjelvar.

Vi skal også følgje spent med på dei yngre klassane også.

Det vert meldt om god trening og fin utvikling.

(Frå BN-oktober)

For vektløftargruppa
Jørund Årdal

Årsmelding frå SFT Gruppa 2013 (Ski, Fotball og Turn gruppa)

SFT-gruppa har i 2013 vore samansett av: Terje Arnestad, leiar
Kurt Gimmedstad, Lars Endre Gimmedstad, Tom Wilke og Jan Wiggo Rygg

Møter - Vi har hatt 2 møter, ellers direkte kontakt via telefon og sms.

Ski – pga dårlige snøforhold, vart det ikkje arrangert barn i løypa i 2014

Fotball - Nok ein sommar er over, og som vanleg er det fotballen som har vært hovudaktiviteten i gruppa. Ca 30 ungar har trent på Loggane denne sesongen. Vi har delt desse i 3 grupper (6-7år, 8-9 år, og 10-11 år). Dei 2 yngste gruppene har 1 trening i veka, medan dei eldste har 2. Det har som vanlig vært stor innsats og ungane har kosa seg på treningane. Dei minste har deltatt på 4 turneringar i løpet av sommaren (Sandane, Breim, Innvik, Skei). Vi har stillt med 4 lag på kvar av dei. Det er gutar 6 år, gutar 7 år, og 2 lag jenter 8 år. Det har vært mange oppturar og nokre nedturar, noko som er viktig for ungane å lære seg. Desse turneringane er svært sosiale både for foreldre og barn. Sesongen blir som vanleg avslutta med pizza-fest i Runnevang.

Jenter 10-11 år (2003-2004) har også i år spelt seriefotball. Dei har spelt mot Sandane, Breim, Loen, Stryn og Eid. Her har Tom vore og myndig og dyktig trenar! (Frå BN-oktober)

Allidrett - Er delt opp i 2 grupper, 1-3 klasse (ca15 stk) og 4-7 klasse (ca 10stk). 2 elevar frå idrettslinja + foreldre har trent dei yngste og Terje dei eldste. Her er målet at ungane skal få prøve litt av kvart, ha det kjekt og vere i aktivitet.

Basar – Det vart ikkje helde SFT-basar i 2014 grunna mangel på innhald/premieutdeling

Takk - Til alle trenarar og foreldre som har bidratt til å skape mykje flott aktivitet for ungane på Sørstranda.

Mvh Terje Arnestad.

Årsmelding frå plassnemnda 2014

Det vart gjennomført vårdugnad på Loggane.

Hovudfokus som vanleg, rydding, fjerning av busker og kratt, slådding og mosefjerning på bana, o.l.

Det vart også rydda opp i området rundt svingen ved lagerhuset. Vidare vart det kalla inn til ny dugnad seinare for å ta finpussen, men det var då nesten ikkje nokon som møtte. Det viser seg klart at det er vanskeleg å få folk til å stille på dugnad slik på vår/sommar.

For plassnemnda Petter Olav Rygg

Vedlegg til sakliste, sak 6

Situasjonskart av Loggane. Skisse kun for å vise kast-ring og sektor flytta syd-aust retning ca. 20 meter. Angitt felt for kunstgras er kun ein illustrasjon og ikkje tema for Årsmøte.



Ahda AS

Annemieke Koopmans-Holtrop
Gimmestad, 6823 Sandane
tel.nr.:40437317, e-post: info@ahda.no

LOGGANE

Tegnet av:
AMKH

Kontrollert av:
XXX

Dato
xx

Målestokk
xx

Side 2

Baneplan 2